

# **Protokoll frå årsmøte Bibliotekarforbundet Sogn og Fjordane**

## **Skei , 7. april 2016**

7 medlemar møtte: Sindre Hovland Søreide, Signe Witsø, Kari Johanna Yttri, Torill Berge, Erling Bergan, Ingrid Dræge, Anja Angelskår Mjelde

### **Godkjenning av innkalling, konstituering**

Sindre Hovland Søreide vart vald til ordstyrar, Anja Angelskår Mjelde til referent. Torill Berge og Ingrid Dræge vald til å skrive under protokoll.

Ingen merknader til innkallinga

### **Årsmelding**

Leiar Sindre Hovland Søreide la fram munnleg orientering. Det har ikkje vore aktivitet i fylkeslaget siste periode.

### **Budsjett og verkeplan**

#### Verkeplan

Ein tok utgangspunkt i gjeldane verkeplan, og utarbeidde ny plan i møtet. Punkt om bokbåten vart tatt vakk. Det vart påpeika at endra kriterium for medlemsskap kan føra til at vi har fleire potensielle medlemar i fylket.

Vedteken verkeplan:

1. Auke lokal kompetanse.  
Fylkesstyret bør arrangere minst eitt medlemsmøte i årsmøteperioden. Faglege temamøte kan ev. arrangerast i lag med Norsk bibliotekforening, avd. Sogn og Fjordane, eller andre.
2. Styret må informere om og oppmode medlemane om å ta sentrale kurs.  
Det er eit mål at medlemar i fylket skal kunne forhandle for kvarandre.
3. Fylkesstyret skal vere aktive i medlemsverving ved å kontakte potensielle nye medlemar.

#### Budsjett

Budsjettet vart utarbeidd i møtet. Ein tar høgde for at det skal arrangerast t.d. kickoff eller andre faglege møte i løpet av perioden.

Vedteke budsjett:

Årsmøte:	2000,-
Kickoff:	4000,-
Styremøte:	1000,-
Reiser:	3000,-

### **Innkomne saker**

Ingen innkomne saker.

## **Val**

### Valnmenda sitt framlegg til styre:

Leiar: Anja Angelskår Mjelde, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, 2 år (ny)

Styremedlem : Torill Berge, Gloppen folkebibliotek, 2 år (ny)

Styremedlem: Anne Siri Fardal Bruteig, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, (ikkje på val)

1. vara: Ingrid Dræge, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek (ikkje på val)

2. vara: Kari Johanna Yttri, Sogndal bibliotek (ikkje på val)

Framlegget vart vedteke.

### Framlegg til valnemnd:

Gry Hatlelid, Årdal bibliotek (attval, 1 år)

Sigrid Gjelsvik, Høgskulen i Sogn og Fjordane, (attval , 1 år)

Vara: Erling Bergan, Bibliotekar forbundet (attval, 1 år)

Framlegget vart vedteke.

### Godkjenning av møtebok (dato, namn):

Torill Berge

Ingrid Dræge